



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Arbeidsmiljøutvalet
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	29.02.2016
<b>Tid:</b>	13:00

---

**Medlemer som møtte:**

Camilla Storøy	Medlem	KRF
Johnny Hundsnes	Medlem	AP
Olaus-Jon Kopperstad	Leder	
Olaug Andreassen	Medlem	
Eli Karin Kvalsund	Medlem	
Marina Hoff Myking	Medlem	
Oddbjørn Vinjevoll	Medlem	

---

**Forfall:**

Arnulf Goksøyr	NESTL	H
----------------	-------	---

---

**Varamedlemer som møtte:**

Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Arnulf Goksøyr	H
---------------------------	----------------	---

---

**Andre:**

Personal- og organisasjonsleiar Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
Bedriftshelsetenesta, Anja B. Dahl

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:  
Camilla Storøy og Olaug Andreassen

**Orienteringssaker:****Organiseringsprosessen**

Rådmannen gjorde kort greie for arbeidet kring organisering og Kommunekompasset. Organisasjonen har gjennomført eller er i gang med SWOT-analyse, etablert styringsgruppe og arbeidsgrupper. Medverknad er sikra ved at både arbeidstakarorganisasjonane og vernetenesta er representert. Representant frå BHT gjorde det klart at dei kunne bistå i prosessen. Prosessnotat frå rådmannen vil verte handsam politisk.

**Nedbemanning jf. budsjettvedtak pkt. 9**

Rådmannen informerte om at han har sendt ut konkrete spørsmål til avdelingane om det er rom for driftsreduksjons og nedbemanning. Grunngevinga er ubalansen mellom inntekter og utgifter. Det er i utgangspunktet tale om å halde stillingar vakante og naturleg avgong. Sak om dette kjem på neste AMU-møte.

**Leiar av AMU**

Personal- og organisasjonsleiar presiserte at AMU må velje ny leiar for AMU, jf. retningslinene. Det vart bestemt at val av ny leiar skjer på neste AMU-møte.

Camilla Storøy

Olaus-Jon Kopperstad

Olaug Andreassen

---

underskrifter

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/16	Protokoll frå førre møte.
PS 3/16	Medlemmar og samansetning av Arbeidsavklaringsutvalet (AAU) 2016
PS 4/16	Årsrapport AMU 2015
PS 5/16	Sjuefråvær 3. tertial og heile 2015
PS 6/16	Bedriftshelsetensta - årsrapport 2015 og handlingsplan 2016

## **PS 1/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

## **PS 2/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.**

### **Møtebehandling:**

Protokollen frå førre møte låg føre

## **PS 3/16 MEDLEMMAR OG SAMANSETNING AV ARBEIDSAVKLARINGSUTVALET (AAU) 2016**

### **Møtebehandling:**

Personal- og organisasjonsleiar gjorde munnleg greie for saka i førekant, og svarte på spørsmål.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 29.02.2016**

Arbeidsmiljøutvalet godkjenner tilrådde medlemmar og samansetning av Arbeidsavklaringsutvalet (AAU).

## **PS 4/16 ÅRSRAPPORT AMU 2015**

### **Møtebehandling:**

Det vart påpeika manglar i oversynet over vara i AMU. Personal- og organisasjonsleiar vil kontrollere og rette opp manglane.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 29.02.2016**

Arbeidsmiljøutvalet tek årsrapporten til vitande.

## **PS 5/16 SJUKEFRÅVÆR 3. TERTIAL OG HEILE 2015**

### **Møtebehandling:**

Personal- og organisasjonsleiaren gjorde kort greie for saka og svarte på spørsmål.

Rådmannen meinte sjukefråværet samla sette var akseptabelt, særleg sett i lys av den økonomiske- og ressursituasjonen kommunen er i og har vore i.

HVO presiserte at det var somme arbeidsstasjonar/bygg som ikkje er tilfredsstillande.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 29.02.2016**

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

## **PS 6/16 BEDRIFTSELSETENSTA - ÅRSRAPPORT 2015 OG HANDLINGSPLAN 2016**

### **Møtebehandling:**

Personal- og organisasjonsleiar gjorde munnleg greie for saka i førekant, og svarte på spørsmål. AMU presiserte at dei ynskjer å få lagt føre alle rapportar som vert utarbeida frå BHT si side, slik som arbeidshelseundersøkingar m.m. Desse rapportane vil vere unnateke offentlegheita fram til etter handsaming i AMU. Rapportar som etter sitt innhald kan offentleggjerast vil verte offentlege etter handsaminga.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 29.02.2016**

Arbeidsmiljøutvalet tek årsrapporten for 2015 og handlingsplan for 2016 frå bedriftshelsetenesta Stamina Helse til vitande.

**MØTET SLUTT!**